

# NOTAT

---

Til: LS

Frå: Kleiva-Gramstad Sigrid Sofia

Dato: 25.05.2020

Saksnummer: 28 346

## Mentorordninga

**Grunna sjukdom og korona vart mentorordninga forsinka, men det er no tre mentorar og tre nye klubbleiarar på plass. Oppstartsmøte for pilotprosjektet som er mentorordninga vil skje i slutten av mai, og sekretariatet vil evaluere ordninga etter 6 månadar. Evalueringa vil då bli lagt fram for landsstyret.**

Målet med mentorordninga er å tredelt. For det første vil ho vere sentral i å knytte nye klubbleiarar til Norsk Journalistlag. Ved å ha ein mentor når ein først kjem inn i rolla vil det bli kortare avstand til resten av organisasjonen, då ein har nokon som kan vise veg gjennom systemet ved behov. For det andre vil mentorordninga gjere klubbleiaren tryggare i rolla si. Det å vere klubbleiar kan i seg sjølv vere einsamt, men det å vite at ein har nokon å snakke med vil kunne gjere at ein kjente seg tryggare i rolla og skape samvær også for klubbleiaren. For det tredje er målet at klubbleiaren skal kunne ha nokon å rådføre seg med, som har meir erfaring og derfor også kan ha ei lærarrolle ved behov. Målet med mentorordninga er derimot ikkje at mentoren skal vere pådrivar for kontakt i forholdet mellom mentor og ny klubbleiar. Det må vere klubbleiaren sjølv som bestemmer kor mykje kontakt det skal vere mellom dei for å unngå at dette blir eit stressелеment for klubbleiaren.

Den praktiske gjennomføringa av mentorordninga vil skje på følgjande måte:

1. Mentorane samlar seg med ein representant for sekretariatet i eit digitalt nettmøte for å fordele klubbleiarar og diskuterer forventningar.
2. Det første møtet mellom klubbleiar og mentor vil skje i regi av NJ, men etter dette vil all kontakt skje direkte mellom klubbleiar og mentor.
3. Ein representant frå sekretariatet tar jamnleg kontakt med deltakarane ved behov.
4. Etter seks månadar evaluerer ein ordninga, og tar sikte på å betre henne.

Per i dag er mentorordninga ferdig med punkt 1, og i gang med punkt 2. Mentorane i runde 1 av mentorordninga er Kjersti Fikse, Berit Rekaa og Julie Teresa Rege Olsen. Det eksisterer også mentorar som er på sida av dette pilotprosjektet, då Kjersti Fikse og Tor-Erling Thømt Ruud har tatt på seg mentorrolla for klubbane i Journalisten og M24.

### Mentorordninga framover

Då digitaliseringa av det norske samfunnet har gått raskare framover, og den digitale kompetansen no er meir ålmenn, kan dette gjere mentorordninga enklare å gjennomføre i framtida. Det vil vere enklare å matche storleik på klubb og konsern enn det har vore i dette pilotprosjektet. I tillegg vil det vonleg vere mogleg å trekke ut nye klubbleiarar frå det nye medlemssystemet etter kvart. Det er det ikkje i dag. Ein bør også søke å få ei jamnare kjønnsfordeling hos mentorar og nye klubbleiarar. Dette vil vere enklare med ei fullstendig liste over nye klubbleiarar.

På sikt bør NJ-skulen opparbeidde seg ein database med potensielle mentorar, slik at ein eventuelt kan matche nye klubbleiarar med mentorar kort tid etter dei er valte. Kva som bør vere kriteria for å vere ein god mentor er noko ein må utvikle etter ein har tatt innover seg erfaringar frå pilotprosjektet.

Det vil skje ein ny oppstart med nye mentorar i august, og vidare med intervallar på tre månadar med påfølgjande evaluering etter eit halvt år. Dersom pilotprosjektet viser seg å vere mislukka, vil ein måtte vurdere å avslutte prosjektet. Sekretariatet vil i så fall leggje dette fram som sak for landsstyret.

**Framlegg til vedtak:**

- **LS tar informasjonen til orientering**